

Fra: Postboks, HBE, Pasientreiser <sb_hbe_pasreiser@ihelse.net>

Sendt: onsdag 9. september 2020 22:18

Til: Postboks, HBE, Pasientreiser <sb_hbe_pasreiser@ihelse.net>

Emne: is: Manglande avtaledekning i deler av distriktet - informasjon fra Avdeling for pasientreiser

Manglande avtaledekning i deler av distriktet

Frå 14. september 2020 vil Helse Bergen dessverre vere utan avtale for transport av pasientar med rekvisisjon i fleire distriktskommunar.

Vi er svært leie oss for at vi ikkje lenger kan tilby pasientar alle stader tilrettelagt transport slik vi har gjort til no.

Per i dag står Helse Bergen utan avtale i følgande område frå 14.09.20:

Austevoll, Modalen, Samnanger, tidlegare Fusa kommune, Osterøy, Gulen, Masfjorden, Vaksdal samt Ølve og Hatlestrand i Kvinnherad kommune.

Dette utgjer om lag 10 prosent av Helse Bergen sitt pasientreiseområde.

Det er usikkerheit rundt kommunane *Ulvik og Kvam*. Her er det dialog , og det blir jobba for å kome til semje.

I Alver og Austrheim kommune er det inngått ny avtale.

Det er utarbeidd informasjon og hjelp for både pasientar og behandlarar knytt til område utan avtale om køyring av pasientreiser på www.Helse-Bergen.no/pasientreiser.

Vi oppdaterer informasjonen her fortløpande.

Bakgrunn

Helse Bergen har hatt to anbuds konkurransar i helseføretaket sine distriktskommunar vinteren 2019 og våren 2020. Nye avtalar vart inngått med drosjeselskap på Voss, tidlegare Os kommune og Fedje samt Rong, Tjeldstø og Hellesøy i Øygarden med oppstart 1. februar.

I anbudsrunder to vart konkurransegrunnlaget justert med blant anna auka pris etter innspel som kom i forhandlingsmøta med drosjeselskapa.

Avtalane har blitt forlenga to gonger utover utløpt avtaleperiode. 13. september opphøyrer dagens avtalar.

Tilboda frå drosjeselskapa måtte avvisast i hovudsak fordi dei inneheldt vesentlege avvik frå krava i anskaffelsesdokumenta.

For Helse Bergen sin del er det allereie urimeleg store prisforskjellar mellom transportøravtalene. Dersom prisdifferansen skulle blitt auka ytterlegare sett mot vilkåra i anbudsrunder éin, ville det bli store forskjellar for transportørane som inngjekk avtale 1. februar i år.

Helse Bergen sitt mål er å få avtalar med prisar som ikkje er urimeleg dyre sett i forhold til andre stader i landet og også internt mellom avtalepartane. Det skal vere like vilkår.

Nye retningslinjer for behandlarar gjeldande frå 14.september

Vedlagt følger nye retningslinjer for reiser med rekvisisjon. I tillegg følger informasjon til pasient som kan nyttast ved behov.

Vi beklagar sterkt ulempene dette medfører.

Har du spørsmål, ta gjerne kontakt med oss på telefon 05515 eller e-post pasientreiser@helse-bergen.no

Pasientreiser har ope måndag-fredag kl. 07-19 og laurdag kl. 09-15.

AVDELING FOR PASIENTREISER

05515 | PASIENTREISER@HELSE-BERGEN.NO

HAUKELAND UNIVERSITETSSJUKEHUS

